



Arkivsaknr: 2024/5553-9
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Myking handel AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	
1. Myking handel AS, org.nr. 893919112 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Nærbutikken Myking, Mykingvegen 1151, 5957 Myking. 2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28 3. Styrar for løyvet: Kari Buane Jordal, f. 09.07.67. Myking Handel er friteken for avløysar for styrar. 4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune. 5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år. 6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.		

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld
Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Myking Handel AS har i søknad datert 01.05.24 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til Nærbutikken Myking Handel AS, Mykingvegen 1151, 5957 Myking. Nærbutikken er en mindre lokalbutikk som dekkjer daglege behov for forburksvarar og lokalt etterspurte varar. Kari Buene Jordal er styrar for salsløyvet. Myking Handel AS søker og om fritak for kravet om avløyser for salsløyve. Opningstida er frå kl. 09.00 – 18.00 måndag til fredag og 09.00-15.00 laurdag.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Nærbutikken Myking handel AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkoholova §1-7 c.

Myking handel er en liten lokalbutikk med ein fast tilsett på heiltid. Myking handel AS har tidlegare fått innvilga fritak for avløyser etter alkoholova § 1- 7 c grunna salgsstaden størrelse. Det er vurdert at det ikkje vil være hensiktsmessig å krevje at Myking handel AS skal fylle kravet til avløyser og kan unntas for kravet etter alkoholoven §1-7c første ledd: *«For hver bevilling skal det utpekes en styrer med stedfortreder som må godkjennes av bevillingsmyndigheten. Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til salgs- eller skjenkestedets størrelse».*

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden om salsløyve alkohol gruppe 1 og fritak om krav om avløyser for salsløyvet vert tilrådd innvilga.